

Avdeling Os

Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70
post@abo-ark.no

Avdeling Stord

Torgbakken 9
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 90 66 16 31
poststord@abo-ark.no

Til naboar og høyringsinstansar

Stord, 16.11.2022

Melding om oppstart av Detaljregulering for naust og bustad Solstrand, gnr/bnr 101/19, 223 mfl., Meling. PlanID: 202203

Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at ABO Plan & Arkitektur Stord AS, på oppdrag for Ingunn Elise Veivåg Krogsæther, set i gong arbeid med detaljregulering for naust og bustad Solstrand gnr/bnr 101/19, 223 mfl., Meling, PlanID: 202203. Oppstartsmøte var 02.06.2022.


Planstatus og føremål

Området er ikkje omfatta av reguleringsplan. I kommuneplanen sin arealdel (KPA) er areal avsett til naust langs sjø, Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i sjø, og Spredt bustadbebyggelse på land. Området ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Kommuneplanen gir at byggegrense mot sjø for naust går i føremålsgrensa, og 25 meter frå sjø for bustader i eksisterande byggeområde for bustader.


Intensjonen med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av to naust med tilhøyrande felles småbåtanlegg, og ein ny einebustad med garasje og utleieeining på gbnr. 101/223, med tilhøyrande parkering og tilkomst. Den nye einebustaden vil plasserast vekk i frå sjø, min. 25 meter i frå sjø jf. kommuneplanen sine føresegnar. Nausta vil etablerast ved sjø, sørvest for eksisterande einebustad. Nausta vil etablerast i samsvar med føresegnene i kommuneplanen sin arealdel. Tilkomst er i frå kommunal veg Strandavegen.

Avgrensing

Planområdet er 6,5 daa, og omfattar gbnr. 101/19, 106 og 223.




Figur 1 Utsnitt planavgrensing



Figur 2 Oversiktskart. Kommunekart.com

Eigarar av gbnr. 101/19 er Ingunn Elise Veivåg Krogsæther og Kjell Magne Veivåg, og av gbnr. 101/223 er Ingunn Elise Veivåg Krogsæther og Einar Krogsæther. Bømlo kommune eig gbnr. 101/106.



Figur 3 Utsnitt situasjonsplan

Viktige utgreiingar

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Det er vurdert konsekvensutgreiing og kommunen har vurdert at planen ikkje fell under vilkår for slik utgreiing. Planen, eller tiltak planen opnar for, er ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar §§ 6-8.

Planforslaget sine tiltak vurderast i høve til samfunn og miljø, der m.a. naturmangfald, støy og trafikkavvikling vil utgreiast som del av planarbeidet. Det skal utarbeidast ROS-analyse.

Saksdokument og merknadar

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet og planprogrammet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no / haga@abo-ark.no Innan høyringsfristen: **17.12.2022**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar og innspel til kommunen - dette vil vi ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Oppstartsmelding, planinitiativ, referat i frå oppstartsmøtet med kommunen, samt saksprotokoll, finn de på kommunen sine nettsider/planregisteret, samt på ABO sin nettstad:

<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>.

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut vil vi utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Berit Haga Vikanes

Vedlegg

1. Planavgrensing